



Arkivnr: 2014/193-8  
Saksbehandlar: Frode Mannsåker

## Saksframlegg

### Saksgang:

Hovudarbeidsmiljøutvalet

24. oktober 2014

## Revisjon av retningsliner for AKAN-arbeid

### Samandrag

Sentralt AKAN-utval har utarbeidd framlegg til reviderte retningsliner for AKAN-arbeid. Den viktigaste endringa er at pengespelproblematikken meir konsekvent er innarbeidd i retningslinene, ut frå tidlegare ønskje frå HAMU. Det er vidare tatt inn nye avsnitt om åtferd ved representasjon, tenestereiser m.m., og på reiser eller arrangement saman med elevar. Ansvar for oppfølging av AKAN-saker er tydelegare plassert hos leiar, sjølv om både HMT-seksjonen og AKAN-kontaktar skal medverke.

### Forslag til vedtak

1. HAMU godkjenner framlegget til nye retningsliner og skjema for AKAN-arbeid i HFK.
2. HAMU tilrår at iverksetting av nye retningsliner først skjer når personalreglementet har fått tilsvarende revisjon av punktet om rus og pengespel.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg:

Retningsliner for AKAN-arbeid

Skjema: Første åtvaring

Skjema: Andre åtvaring

Skjema: Tredje (ytterlegare) åtvaring

Skjema: Standardavtale for individuelle AKAN-opplegg

### Fylkesrådmannen, 06.10.2014

HAMU har dei siste åra handsama retningsliner for AKAN-arbeid i fleire omgangar. Gjeldande retningsliner vart godkjend av HAMU januar 2010, med ein mindre revisjon i 2012 vedr. samansetting av sentralt AKAN-utval.

Revisjonen frå 2010 tok for første gong omgrepet *pengespel* inn i AKAN-retningslinene, etter at dette hadde blitt eit satsingsområde for AKAN sentralt. Her hadde det i 2006 skjedd ei namneendring: Dei første 43 åra var organisasjonens namn «AKAN – Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani». I 2006 vart namnet endra til «Akan – Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk», til dagleg forkorta til «Akan kompetansesenter». Bak denne endringa låg det faktum at samfunnet hadde endra seg sidan AKAN vart etablert i 1963, og at nye former for avhengigheit hadde kome til syne. Det var særleg pengespelmaskinar som var aktuelt, og som hadde gitt problem for arbeidstakarar som handterte kontantar. Dei siste åra har merksemda skifta frå pengespelmaskinar til spel på internett, til dømes nettpoker.

Vi veit lite om omfanget av pengespelproblem i Hordaland fylkeskommune, men ut frå nasjonale funn og rapportar kom det i 2009 fram eit ønskje om å ta denne typen avhengighetsproblem inn i våre rutinar.

Rutinerevisjonen i 2010 var nok ikkje heilt gjennomarbeidd når det gjaldt pengespelproblematikk og korleis en kunne reagere og hjelpe. I HAMU-møtet kom dette til uttrykk, og i vedtaket i sak 1/10 sto mellom anna: *«HAMU godkjenner dei reviderte retningslinene for AKAN-arbeidet i Hordaland fylkeskommune, og tilrår at dei vert gjeldande frå 1. mars 2010. AKAN-utvalet skal fremje ny sak for HAMU om endring av retningslinene når utvalet har sett nærare på punktet om pengespel/"speleavhengighet".*

Sentralt AKAN-utval arbeidde vidare med ein meir gjennomført revisjon, og la fram eit nytt utkast til retningsliner for HAMU 28. januar 2011, sak 3/11. Utkastet la til grunn retningsliner og døme på formuleringar frå AKAN kompetansesenter, slik det m.a. gjekk fram av AKANs metode- og opplæringsperm frå 2009. Utkastet var og klarert med rådgjevar i AKAN Kompetansesenter i Oslo.

Framlegget frå sentralt AKAN-utval vart likevel møtt med innvendingar då HAMU handsama saka. Det vart mellom anna peikt på at pengespel ikkje var omtalt i personalreglementet, og at ein hadde lite erfaring med å bruke det same reaksjonsverktøyet som ein gjer i saker av rusrelatert karakter. Saka vart utsett.

Sentralt AKAN-utval har etter dette hatt på handlingsplanen at ein skulle utarbeide eit nytt framlegg til retningsliner. Utvalet vedtok i april 2014 å starte prosessen med utforming, der HMT-seksjonen v/bedriftslegen og sekretæren for AKAN-utvalet fekk sentrale roller. Utvalet handsama saka i møte 12. september 2014. Etter dette er utkastet justert ut frå synspunkt i møtet, gjennomgått språkleg i personalseksjonen og godkjent postalt av utvalsmedlemmene. I dei retningslinene som fylkesrådmannen no legg fram for godkjenning har ein søkt å få til ein god og gjennomført omtale av pengespelproblem.

Tidlegare har AKAN-utvalet vedteke eit framlegg til endring i personalreglementet slik at det vert samsvar mellom dette og AKAN-retningslinene når det gjelde pengespel i arbeidstida. Dette framlegget har også vore drøfta det med dei tillitsvalde. Av ulike grunnar er revidert personalreglement ikkje ferdig handsama. Det er ein føresetnad for iverksetting av nytt AKAN-reglement at også personalreglementet, pkt. 15 om rusmiddel/AKAN vert revidert i samsvar med AKAN-retningslinene, jf. avsnittet «Grunnlag for reaksjon» på side 4 i framlegget til nye retningsliner.

Når det gjeld korleis ein kan hjelpe arbeidstakarar med pengespelproblem, har det og skjedd ei utvikling sidan 2011. Det er m.a. etablert kompetanse for behandling av spelavhengigheit ved Stiftelsen Bergensklinikkene. Dersom det vert aktuelt med eit AKAN-opplegg for ein spelavhengig, vil det vere naturleg å søke samarbeid med Bergensklinikkane når ein skal avtale konkrete punkt i AKAN-opplegget.

Andre endringar i denne revisjonen av retningsliner for AKAN:

- Punktet «Førebygging» er utvida: Eit nytt avsnitt om åtferd ved representasjon, tenestereise m.m. er tatt inn, likeeins eit avsnitt om alkohol på reiser eller arrangement saman med elevar.
- Ansvar for handtering av åtvaring og utarbeiding av AKAN-opplegg er tydelegare enn før plassert hos leiar/næraste overordna. HMT-seksjonen og AKAN-kontaktar kan medverke, men er ikkje likestilte når det gjeld ansvar.
- Omtalen av lokale AKAN-utval/AMU er utvida.
- HMT-seksjonen sin rolle har fått breiare omtale, m.a. når det gjeld teieplikt og opplysning til arbeidsgivar som sakkkyndig.
- Det er vist til Kvalitetssystemet for å finne dei aktuelle dokumenta til bruk i AKAN-arbeidet.
- Det er gjort ein språkleg gjennomgang og forbetring av retningslinene.